

## SIKKER DRIFT

Møte 12.9.16 med KA-leiarar, AU og sekretariatet

- Paul Glenn, prosjektkoordinator
- Terje Bjelle, prosjektleiar, AU, studieadministrasjon
- Tage Båtsvik, AU
- Kirsten Bakken, økonomi
- Hallstein Madsen møter for Gro Anita Fonnes Flaten, FoU
- Wenche Fjørtoft, personal
- Idar Magne Flemmen, IT
- Astrid Optun, arkiv
- Astrid Sandnes, bibliotek
- Svein Ove Eikenes møter for Elin Styve, kommunikasjon
- Tone Skjerdal, sekretær

Forfall:

- Sonja Irene Dyrkorn, AU
- Endre Laastad, bygningar og studiestadsdrift

Tema for møtet, jf. innkalling:

- Innspel om informasjonsflyten er tilstrekkeleg
  - Kommunikasjon ut frå SD-prosjektet
  - Koordinering på tvers av KAene
  - Avgjersler og mynde
- Tilbakemelding frå KAene om særskilt behov denne høsten
- Litt meir info om fasen vi går inn i no og programorganisering
- Planlegging av saker til interimsstyre og innspel til saker som treng styrebehandling
- Møteplan framover denne hausten

### Innspel om informasjonsflyten er tilstrekkeleg

Enkelte saker på tvers av KA er problematiske: Når ei gruppe eig ei problemstilling, men andre grupper bør gje innspel. Den som eig problemstillinga har ansvar for å tenkja på tvers

Forslag frå Paul og Tone:

- Regelmessige møte mellom KA, AU og sekretariatet
- Referat frå møte i AU kan sendast til alle KA
- Alle i KA bør sjå heile mappestrukturen til heile SD-prosjektet

Konklusjon:

- Forslaga over vert gjennomført.
  - Møte annankvar veke måndag 8.15-9 (oddetalsveker). Tema er saker som bør avklarast på tvers av KA. Paul kallar inn til Skype-møte

- Referat frå møte i AU kan sendast til alle KA.
- Paul legg inn alle 27 medlemmene i KA i heile Sikker drift-mappa i Box
- AU har møte kvar onsdag morgon. KA kan senda saker som skal avklarast dit (**send til Paul?**)
- Dersom leiar ikkje har høve til å møta, kan andre i KA møta. Gje beskjed til Paul om kven som møter
- KA må hugsa å bruka avgjerdsnotat på saker som skal løftast til AU eller innstillingsrådet

### Tilbakemelding frå KAene om særskilt behov denne høsten

Wenche: Det bør komma ut melding om kva som skal lagast på nynorsk av regelverk ol

- Tage: Det er skrive eit dokument om kva det inneber å vera ein nynorskhøgskule. Trengs eit avgjerdsnotat frå kommunikasjonsgruppa slik at saka eventuelt kan løftast og eventuelt takast inn for innstillingsrådet.
- Svein Ove tek saka

Wenche: Trengs avklaring av samansetjing og arbeidsoppgåver om gruppa innan verksemdsstyring

- Tage: Saka skal diskuterast av AU

Terje: Er det avklart plassering av ansvar for kopipengar? KA Studieadministrasjon skal nedsetja ei gruppe, jf. referat frå sist.

- Kirsten avklarar kven som skal vera med frå økonomigruppa, og gir beskjed til Terje

Paul: Ansvar for praksis er ikkje avklart. Kva problemstillingar innan praksis er SD?

- Dei som sjølv arbeider med praksis, opplever behov for koordinering. Dette er ei oppgåve for administrative tenester. Dei som arbeider med praksis kan byrja å samarbeida om dette.
  - Tage: Dei som arbeider med praksis må kjenna til kvarandre og korleis ein handterer dei ulike arbeidsplassane. Dette er kritisk problemstilling
  - Astrid O: Det vert raskt ei sak med ulik behandling av studentane
  - Kirsten: Bør starta med å samhandla på tvers av geografi, innan like fagområde
  - Konklusjon: Ein etablerer ei gruppe for praksis innan Administrative tenester, utan at ein har spesielle krav til leveranse. Administrative tenester kontaktar dekanane for å avklara kven som er aktuelle

### Litt meir info om fasen vi går inn i no og programorganisering

Paul orienterte:

- Prosjektet Administrative tenester er i gang. Sikker drift er definert som eit forprosjekt som er ferdig ved nyttår. Korleis handterer me saker som lever vidare etter 1.1.17? Det som er nødvendig utviklingsarbeid ut over sikker drift, vert definert som del av prosjekt Administrative tenester.
- Prosjektet ønskjer å behalda strukturen med KA og arbeidsgrupper under desse. Det vil bli behov for å endra/leggja ned/oppretta nye arbeidsgrupper etter kvart som arbeidsoppgåvene vert fullført og andre oppgåver skal prioriterast.

Astrid S: Ønskjer arbeidsgruppe på korleis ein skal organisera bibliotektenestene frå 1.1.17. Gjeld praktisk arbeid, system, reglement osv. Treng å laga team på tvers av den nye høgskulen ganske raskt

- Terje, Wenche: Problemstillinga høyrer til fagleg og administrativ organisering
  - Kirsten: Skal vera heildagsmøte i administrativ organisering onsdag, kan ta inn problemstillinga der
- Astrid O: Har spelt inn spørsmålet internt i arkiv-gruppa som eit spørsmål om samhandling etter 1.1.17. KA Arkiv ser på det som ein del av Sikker drift
- Kirsten: KA Økonomi lagar ny arbeidsdeling 1.1.17, og dette er ei ad hoc-arbeidsdeling. Den permanente arbeidsdelinga vil komma seinare
- Tage: Den overordna ramma for det administrative kjem i februar. Ligg ikkje i prosjektet i fagleg-administrativ organisering å jobba med detaljane. Må finna ein fornuftig måte å arbeida slik at ein ikkje legg rammer for den overordna organiseringa, samstundes som ein ikkje stoppar nødvendig utviklingsarbeid. Eit dilemma som gjeld på alle område

#### Administrative tenester

- Terje: Prosjektgruppa var opptekne av at det vert eit vakuum frå 1.1.17 på kven som har mynde på dei ulike nivåa
- Tage: Mellombels delegasjonsreglement og myndestruktur kjem som styresak i løpet av hausten

#### Planlegging av saker til interimsstyre og innspel til saker som treng styrebehandling

- Astrid S: Databasar har store kostnader. Kvar sender ein budsjettinnspel om dette?
  - Kirsten: Budsjettgruppa skal ha møte i morgon, og diskutera prosessen rundt fellesbudsjett (inkludert rektor) og individuelle budsjett for dei gamle høgskulane. Det vil bli gitt tilbakemeldingar når dette er avklart
- Wenche: Kvar skal styresaker meldast og sendast?
  - Tage: I tillegg til at ein melder inn saker gjennom SD, kan ein ta direkte kontakt med Eli Glambek som koordinerer arbeidet med styresakene